

FYRESDAL SVØMMEGRUPPE

ÅRSMELDING 2015

1. Styret

Funksjon	Navn
Leder	Elisabeth Taraldlien
Kasserer	Ellen Sofie Skansen
Materialforvalter	Tobias Rosendahl
Vara	Kristin Vedum
Oppmann	Monica Aas
Valgkomite	Roar Olsen Gunnhild Austjord

Styret har hatt eit godt samarbeid, hatt 6 styremøter og behandla 49 saker. Leiar har delteke i styret til Fyresdal Idrettslag.

2. Medlemstal

Vi hadde pr 31.12.2015 totalt 30 medlemmer. Det har vore ei fin rekruttering av dei yngste med 7 nye rekruttar i haust.

3. Trening

Vi har hatt inndeling i 4 parti svømmerar.: Rekruttar, gruppe C, gruppe B noko mer erfarne svømmerar som trenar 1-2 gonger i veka og gruppe A trenar 3 gonger i veka eller meir. Svømmegruppa har faste treningskveldar måndag og torsdag. Hausten 2015 har vi og hatt trening på søndag ettermiddag. A og B gruppa har hatt tilbod, men bare fire symjerar i A gruppa har delteke på søndagstrening. Desse svømmerane trena og åtte økter i eller meir i juleferien To av A svømmerane har og delteke på basistrening på Sporty. Dette er eit samarbeid med skiskyttarlaget og har vore veldig positivt.

4. Trenerar

Tilgangen på trenerar har til tider vore ei utfordring. Men hausten 2015 var vi veldig fornøygde med at alle trenerane sa ja til ein ny sesong. I tillegg fekk vi med Anne Ågot som trenar for A-gruppa frå hausten. Dei har gjort en veldig god jobb og har bidrege med gode treningsopplegg og eit godt miljø i gruppa.

Trenarane har vore :Lillian Breivik, Kari-Anne Noraberg, Åse Kiland, Monica Aas, Jan Tore Åmlid og Anne Ågot Stensland.

Vi har tatt to trenarmøte i løpet av året for å diskutere og evaluere treningsopplegg, trenarturnus, stevnedeltaking og ana.

5. Stevne

Tilsaman 9 svømmerar har delteke på approbera stevne. Sidan vi i år har færre A-symjear har vi hatt noko lågare stevnedeltaking. Mange gode personlege rekordar blant dei som har konkurrert. Det har og blitt arrangert to rekruttstevne i Telemark i haust i tillegg til det vi sjølv arrangerte i vår. Poseidon var så fornøygde med opplegget vårt at dei tok initiativ til eit samarbeid om rekruttstevnekarusell der fire klubbar arrangerar stevne for dei yngre symjearane i løpet av sesongen. Fyrste rekruttstevnet i Kragerø arrangerte vi som ein sosial tur for alle med overnatting og klatre/badeaktivitet i fritidsparken. Dessverre var det bare 7 svømmerar som blei med.

Vi har arrangert 3 klubbstevne i løpet av året. Dette har vi gjennomført saman med trenarane og foreldregruppa. Klubbstevne er med på å gje svømmerane opplæring i kva som skjer på eit svømmestevne. Det gjev og øving i ulike prosedyrer i sammenheng med stevne samt at dei får vist foreldregruppa kva dei har lært og eigen framgang.

I sesongen har svømmerane delteke på desse stevna:

- Mars - Møglestu- 2 jenter deltok og Poseidon Tyr Cup – 3 jenter deltok
- April – Førsdalsvøm rekruttstevne 52 deltakerar frå Poseidon, Froland og Fyresdal. 21 lokale deltakerar 4 gutar og 17 jenter
- Mai- Bergen swim festival- 2 jenter deltok
- Oktober – rekruttstevne i Kragerø 7 jenter deltok
- November- Terjevigen cup i Grimstad 5 jenter deltok
- Desember- rekruttstevne i Heistad hallen – 3 jenter deltok

6. Aktivitetar

Sesongen har vore prega av stor aktivitet i svømmebassenget..

Kommunen gjev oss god tilgang til bassenget for trening, stevne og kursvirksomhet .Dette er viktig for oss og gjev Fyresdal svømmegruppe eit fortrinn sammenligna med andre klubbar i distriktet. I april arrangera vi rekruttstevne og hadde etter stevnet eit sosialt arrangement med pizza på Fyresdal kurs og leirsted saman med svømmerar frå Poseidon og Froland. Dette var svært vellykka. Moro for svømmerane å vere saman med unge frå andre klubbar. I juni arrangerte vi svømmeaksjonen som er eit intensivt symje og livredningsprogram i regi av svømmeforbundet og gjensidige. Det blei halde fem ettermiddagar på rad rett etter skuletid. Dette gjorde vi delvis på dugnad og med litt innleigde ressursar. Målgruppa var utrygge innvandrarborn. Vi hadde 16 deltakarar i skulealder og fekk gode tilbakemeldingar. Vi hadde i haust 2 kveldar med barneidrettskulen med godt oppmøte.

7. Dugnad

Svømmegruppa sine dugnadar har vore salg av dopapir og tørkerullar. Vi hadde og god inntekt på Svømmeaksjonen.

8. Økonomi

Svømmegruppa har nå god økonomi. I 2015 hadde vi eit overskot på 95 000. Det er fleire årsaker til overskotet. Det har vore mindre stevnedeltaking enn tidlegare. Styret har og regulert kva svømmerar og lederar får dekt i forbindelse med stevnedeltaking. Vi har heller ikkje vore på treningsleir i 2015. Vi bestillte representasjonstøy i 2015. Dette tok lengre tid enn forventa og regninga kom ikkje før etter nyttår.

Sponsorane har vore viktige støttespelerar for svømmegruppa :

Sparebanken Sør

BEST, Moland Auto A/S, Fyresdal

Telemark Lys A/S, Fyresdal

SPAR, Fyresdal Mat AS

Fyresdal Sag og Bygg

Som Zagt

Telemark Kildevann

Fyresdal februar 2016 for styret leiar Elisabeth Taraldlien